

Årsrapport 2014

Kompetansesenter i lindrande behandling

Helseregion Vest



Haukelandsbakken 2,
Haukeland universitetssjukehus

Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) er eit ressurscenter for alle som arbeider med lindrande behandling og omsorg ved livets slutt i regionen vår.

Målsettinga for senteret er å fremme palliasjon i heile Helseregion Vest ved å styrke kompetanse bygd på eit heilskapleg menneskesyn og gode fagkunnskapar.

Våre kjerneverdiar:


Kompetanse
Respekt
Engasjement

Nettverksarbeid

Ei viktig satsting for kompetansesenteret er nettverk av ressurspersonar i kreftomsorg og lindrande behandling med deltagarar frå alle kommunar og sjukehus i regionen. Fleire høgskolar, Kreftforeningen og Kreftomsorg Rogaland deltar i samarbeidet. Nettverka omfattar sjukepleiarar, fysioterapeutar og ergoterapeutar, i alt ca 530 personar fordelt på 23 lokale nettverksgrupper. Målet med nettverk er kompetanseheving og samhandling slik at pasientar og pårørande opplever tryggleik og får tenester av god kvalitet.

Kompetansesenteret har god kontakt med palliative team i sjukehus og lindrande einingar i sjukeheimar. Vi følger opp kommunar som har prosjekt innan lindrande behandling og vi driftar PallReg.no, eit nasjonalt, web-basert register over palliative verksemder.

Undervisning, rådgiving og formidling



Nettverkskoordinator
Grethe Skorpen Iversen

Senteret har stor undervisingsverksemd, både gjennom nettverka og på universitet og høgskolar, kurs og konferansar. I 2014 hadde vi 312 undervisingstimar i kompetansenettverka og 229 timar utanom nettverka, for i alt ca 6000 deltagarar.

Nettsidene til senteret er i 2014 blitt lagt til rette for nettbrett og smarttelefonar. Nettsidene er blant Helse Bergen sine best besøkte. Særleg har sidene om nettverk og om symptomlindring til døyande mange treff. Nettadressa er www.helse-bergen.no/palliasjon

Det er stor etterspurnad etter brosjyremateriell frå senteret.


I samarbeid med Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland har kompetansesenteret tilsett ein nettverkskoordinator for Liverpool Care Pathway, ein plan for lindring i livets siste dagar. Denne planen vert nytta i ca 350 verksemder over heile landet. Nettverkskoordinator gir ut nyheitsbrev og gir opplæring og støtte til dei som bruker planen. Kompetansesenteret sitt kontor i Bergen svarte i 2014 på 1771 førespurnader; 820 av desse var det nettverkskoordinator som svarte på.

Forsking og fagutvikling

Kompetansesenteret skal bidra til utvikling av planar og retningslinjer. I 2014 har tilsette deltatt i ei rekke nasjonale og internasjonale arbeidsgrupper og har vore med på utarbeiding av rapportar, retningslinjer og vegleiarar.

Dei seinare åra har senteret satsa meir på forsking, og styringsgruppa for senteret har vedtatt ein femårig forskingsstrategi. I 2014 har vi deltatt i både regionale, nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. Saman med kompetansesenteret i Helse Sør-Øst og European Palliative Care Research Centre (PRC) ved NTNU såkte vi middel til eit stort, fleirregionalt prosjekt om betre lindrande behandling til kreftpasientar. Dette prosjektet vil bli ei hovudsatsing i forskinga framover.

Overlege Katrin Sigurdardottir disputerte i desember 2014 for ph.d.-graden med avhandlinga Clinical research in end-of-life cancer care.



Posterpresentasjon på EAPC World Research Congress i Lleida, Spania, juni 2014

Tema for prosjekt

Kompetansesenteret har i 2014 hatt prosjektarbeid på desse områda:

- Kartlegging av smerte og symptom
- Symptomlindring
- Kvalitetsindikatorar
- Ivaretaking av døyande
- Førebuande kommunikasjon (Advance Care Planning)
- Åndeleg/eksistensiell omsorg
- Organisering
- Utdanning

**Publikasjonslista for 2014
er med i den utvida
årsrapporten som er
publisert på nettsidene**

Stab

Kompetansesenteret hadde i 2014 7 årsverk fordelt på ein tverrfagleg stab av 21 tilsette. Seks tilsette arbeider i den sentrale eininga på Haukeland universitetssjukehus, dei andre er deltidstilsette som i si hovudstilling arbeider med lindrande behandling i sjukehus og kommunar i regionen.



Farmasøyt Margrete Einen på landskonferansen i palliasjon i Trondheim



Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest

Besøksadresse:

Haukelandsbakken 2

Postadresse:

Kompetansesenter i lindrande
behandling Helseregion Vest,
Helse Bergen,
Haukeland universitetssjukehus,
postboks 1400, 5021 Bergen

Telefon: 55 97 58 24

Faks: 55 97 58 25

e-post: lindrende.behandling@helse-
bergen.no

Våre tilsette:

Dagny Faksvåg Haugen, seksjonsoverlege
Ragnhild Helgesen, undervisningssjukepleiar
Ann Kristin Øren, undervisningssjukepleiar
Aud Myhre, sekretær
Unni Jones, sekretær
Grethe Skorpen Iversen, nettverkskoordinator

Regionale medarbeidarar i deltidsstilling:

Edith Hooiveld, kreftsjukepleiar, Kreftavdelinga, Helse Førde
Marit Eikemo Halsnes, sjukepleiar, Fjaler kommune
Tone-Lise Frantzen, spesialist i onkologisk fysioterapi, Haraldsplass
Diakonale Sykehus (HDS)
Katrín Sigurdardóttir, overlege, Sunniva senter, HDS
Sebastian von Hofacker, overlege, Sunniva senter, HDS
Rae F. Bell, seksjonsoverlege/-leiar, Seksjon for smertebehandling og
palliasjon, Haukeland universitetssjukehus (HUS), Helse Bergen
Margrete Einen, farmasøyt, Sjukehusapoteket i Bergen
Anne Watne Størkson, fagutviklingssjukepleiar, Palliativt team, HUS
Grete Skeie Sørhus, kreftsjukepleiar, Vindafjord kommune
Laila Johannessen, kreftsjukepleiar, Palliativt team, Helse Fonna
Janet Bakken, fagsjukepleiar, Mobilt palliativt team, Helse Stavanger
Øyvor Sønstabø, kreftsjukepleiar, Bjerkeim kommune
Kristin Eikill, rådgivar palliasjon, Stavanger kommune
Hartwig Kørner, overlege, Gastrokirurgisk avd., Helse Stavanger
Lars Helge Myrset, institusjonsprest, Tasta sykehjem, Stavanger

www.helse-bergen.no/palliasjon

www.pallreg.no

Kva kan vi brukast til?

- Oversikt over kva som skjer innan palliasjon i Helseregion Vest
- Informasjon om aktuelle institusjonar og tiltak i regionen
- Bistand til planarbeid
- Oversikt over kurs og utdanningstilbod i lindrande behandling
- Hjelp til planlegging av lokale kurs og samlingar
- Informasjon om aktuelle forskings- og fagutviklingsprosjekt
- Informasjon om lindrande behandling nasjonalt og internasjonalt
- Kontaktar i Helseregion Vest, nasjonalt og internasjonalt

